



Ein lang bryggjardag er snat slutt. Her sit frå vensre Kjel Magne Haugland, Terje Gravdal, Vidar Haugland, Reidar Myklebust og Magne Huglen. Bak står Ragnvald Myklebust.

Laurdag 10. desember vil det visa seg om Uskedalen framleis har dei beste ølbryggjarane i Kvinnherad. Då går kommunemeisterskapen av stabelen for tredje gongen og som i fjor stiller Humlepungen Bryggjarlag som favoritter.

Vinn dei igjen blir det for tredje gongen av tre moglege. I alle fall er meisterskapsølet nå klart etter ei intens arbeidsøkt i basen på Dønhaug frå tidleg morgon til sein kveld i dag. Resultatet er 240 liter.

Det er brygga 3 slags øl i dag: Godøl, mellomøl og spissøl og ettersom dei i fjor vann med ei blanding av godøl og spissøl er det vel truleg at dei tenkjer i dei same strategiske baner i år. I år er det lokale dommarar som skal i aksjon, kanskje med unnatak av ein kar frå Pennsylvania. Det er trubaduren Robert Smith Hald, som har vore Norgesmeister og er ein dugande bryggjar. Det er i det minste klart at han kjem til å syngja!

Humlepungen har hatt ein travel haust både eksternt og internt. Ein grundig feiring av bryggjar Kjell Tungesviks 50 år og ein studietur til København har stått på programmet. Og det er ingen spøk å vera bryggjar, for her gjeld strengare reglar til dømes for sjukmelding enn i arbeidslivet ellers. 2 med sjukmelding vart under tvil godkjende i dag.

Laget inneheld dei same bryggjarane som i dei seinare år, med eitt unnatak.

Terje Gravdal nærmar seg no aspirantstadiet! Han blir eventuelt bryggjar nummer 10!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen